



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
24/11	Komite for finans og forvaltning	05.04.2011

Høyring - Rapport frå ekspertutval om effektiv og berekraftig arealbruk i havbruksnæringa.

Samandrag av saka:

Eit ekspertutval har utarbeida rapporten på oppdrag frå Fiske- og kystdepartementet. Rapporten er sendt kommunane for uttale. Mandatet til ekspertutvalet var å kome med framlegg til ny overordna arealstruktur som bidrar til berekraftig og effektiv utnytting av areal med minst mogleg miljøpåverknad og smitterisiko i sameksistens med andre interesser i kystsona. Ny arealstruktur krev større produksjonsareal med tilhøyrande omsynssone, jf ny plan- og bygningslov. I tillegg kjem sona med forbod mot fiske og ferdsle rundt anlegga. Dette førar til at nokre av dei etablerte anlegga i akvakulturområde innaskjers, vert rydda og frigjeve til anna bruk. Rådmannen kan ikkje sjå at rapporten inneheld element eller framlegg til tiltak som strider mot Fjell kommune sine interesser i kystsona. Rådmannen meiner difor at det ikkje er grunn til merknader eller kommentarar utover at det er positivt at framtidige tal anlegg vert redusert og nye vert trekt lengre ut på kysten. Rådmannen vil understreke at ny arealstruktur krev større arealeiningar enn det som er avsett i gjeldande kommuneplan. Det bør difor vere fokus på dette ved neste revisjon/rullering av kommuneplanen.

Innstilling:

Framlegg til vedtak:

Komite for finans og forvaltning ser positivt på framlegga i rapporten om effektiv og berekraftig arealbruk i havbruksnæringa. Utover dette har ein ikkje særlege merknader til innhaldet i rapporten.

Straume, den 10.03.2011

Steinar Nesse
Rådmann

Willy Sørensen
Plan- og utbyggingssjef

Handsama i Komité for finans og forvaltning - 05.04.2011:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komité for finans og forvaltning - 05.04.2011:

Komité for finans og forvaltning ser positivt på framlegga i rapporten om effektiv og berekraftig arealbruk i havbruksnæringa. Utover dette har ein ikkje særlege merknader til innhaldet i rapporten.

Vedlegg:

Samandrag av rapport

Saksopplysningar:

Eit ekspertutval har den 4. februar lagt rapporten "Effektiv og berekraftig arealbruk i havbruksnæringa" fram for fiskeri- og kystministeren. Fiskeri- og kystdepartementet har no sendt rapporten på høyring. Departementet arbeider med oppfølging av regjeringa sin strategi for miljømessig berekraftig havbruksnæring og nokre av tiltaka der er omtalt i arealutvalets rapport. Rapporten er eit viktig bidrag i denne samanheng. Ministeren ser stor verdi i å legge rapporten ut på høyring for å få eit breidt tilfang av synspunkt.

Ekspertutvalet har hatt som mandat å kome med framlegg til ny overordna arealstruktur med sikte på at havbruksnæringa utnyttar areal på ein berekraftig og effektiv måte i balansert sameksistens med andre interesser i kystsona.

Til grunn for utvalets forslag ligg tre berande element som alle representerer ei utfordring:

- Kysten deles inn i avdelte produksjonsområde med tilhøyrande utsettsonar.
- Avbøtande tiltak i produksjonsområda styres gjennom indikatorar og handlingsregler.
- Næringa i det enkelte produksjonsområde gis sterkare direkte samfunnsansvar for å løyse fellesutfordringar.

I samlinga av framlegg til tiltak peikar ekspertutvalet på nokre tiltak som kanskje er meir banebrytande, og dermed vil kunne bli meir omstridt enn andre:

- Inndeling av kysten i adskilte produksjonsområde for å redusere smittespreiing. Det enkelte løyvet knyttes til eit produksjonsområde.
- Inndeling av produksjonsområda i utsettsoner med samtidig brakklegging av alle anlegg i ein periode på minimum ein månad før utsett.
- Etablering av indikator for tap i produksjonen med tilhøyrande handlingsregel for justering av maksimalt tillete biomasse (MTB) i det enkelte produksjonsområde. Utgreiing av tilsvarande indikatorar og handlingsregler for lus og rømming
- Rett til permanent flytting av løyver frå produksjonsområde med høge tap i produksjonen til område som har låge tap og tilfredsstillande miljøstatus spesielt med tanke på lakselus og rømt fisk.
- Ingen tildeling av nye løyve eller auke av MTB for laksefisk før nytt system med produksjonsområde og utsettsoner er etablert.
- Friare tilgong til å drive matfiskoppdrett på land og i lukka anlegg i sjø.
- Tilråding til næringa om permanent organisering av fellestiltak i det

enkelte produksjonsområde.

Vurdering:

Fjell kommune er ein tungvektar i havbrukssamanheng. I dag er det dei to store selskapa Marine Harvest Norway as og Lerøy Vest As som er dei mest aktive oppdrettarane i kommunen. I tillegg kjem eit kamskjelanlegg, driven av Hotate As. Elles er det ft. berre laks og aure i merdane i Fjell kommune og slik vil det, i flg. rapporten, halde fram så langt ein kan sjå fram i tid.

Det har skjedd ein rivande utvikling i oppdrettsnæringa frå starten i byrjinga på 1970 talet då oppdrettsvolumet var 500 tonn. I 2010 har produksjonen nådd 1 mill. tonn på landsbasis. Teknologien har og utvikla seg mot større og færre anlegg lokalisert lengre ut på kysten. Denne utviklinga har gått føre seg i næringa ein tid. Eit trekk ved utviklinga er flyttinga frå mindre eigna til betre lokalitetar.

Dei tre berande elementa og framlegg til tiltak som er nemnt i rapporten vil ha liten innverknad på den grunnleggjande arealdisponeringa til akvakultur i kommunen totalt sett jf vedlegg. Rådmannen ser positivt på ei utvikling mot større og færre anlegg lokalisert lengre ute på kysten. Dette vil virke konfliktdempande i høve til andre brukarinteresser i skjergarden: Når eksisterande anlegg vert rydda, er nye areal innaskjers opna for almen bruk. Utover dette ser ikkje rådmannen grunn til å kommentere eller kome med merknader til rapporten. Rådmannen konkluderar med at innhaldet i rapporten legg opp til ein klår strukturering i høve til planprosess, effektivisering av arealbruken, omsyn til berekraft og miljø. M.a.o strengare krav til aktørane i oppdrettsnæringa. Dette er og i Fjell kommune sin interesse.

Rådmannen vil understreke at i flg. ny plan- og bygningslov kan kommunen stille krav om omsynsområde, mellom anna rundt akvakulturanlegg. I flg. oppdrettsnæringa må kvart anlegg ha ei slik sone grunna lovbestemt forbod mot ferdsle og fiske rundt anlegga og ankerfortøying som sprikar i alle retningar. Rådmannen meiner at det ved neste revisjon/rullering av kommuneplanen bør vere fokus på drøfting av behovet for større arealeiningar til akvakulturområde, Etter alt å døme må næringa sjå etter alternative areal andre stader langs kysten om ikkje dei vert høyrd i dette spørsmålet. Storleiken på arealeiningane i gjeldande kommuneplan er ikkje oppdaterte i høve til arealkrava som ny anleggstype krev. Dette fører til at dei aller fleste søknader om utviding av eksisterande anlegg må behandlast som dispensasjonssakar.